

KOMMISJONSDIREKTIV 2006/128/EF

2010/EØS/38/08

av 8. desember 2006

om endring og retting av direktiv 95/31/EF om fastsetjing av spesifikke reinleikskriterium for søtstoff som kan nyttast i næringsmiddel(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 89/107/EØF av 21. desember 1988 om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om næringsmidler beregnet på spesielle ernæringsmessige behov⁽¹⁾, særleg artikkel 3 nr. 3 bokstav a),

etter samråd med Vitskapsutvalet for næringsmiddel og Den europeiske styresmakta for næringsmiddeltryggleik (EFSA) og ut frå desse synsmåttane:

- 1) Europaparlaments- og rådsdirektiv 94/35/EF av 30. juni 1994 om søtstoffer til bruk i næringsmidler⁽²⁾ inneheld ei liste over dei stoffa som kan nyttast som søtstoff i næringsmiddel.
- 2) I kommisjonsdirektiv 95/31/EF av 5. juli 1995 om fastsetjing av spesifikke reinleikskriterium for søtstoff som kan nyttast i næringsmiddel⁽³⁾ er det fastsett reinleikskriterium for dei søtstoffa som er førde opp i direktiv 94/35/EF.
- 3) Det bør vedtakast spesifikke kriterium for E 968 erytritol, eit nytt tilsetjingsstoff i næringsmiddel som er godkjent ved europaparlaments- og rådsdirektiv 2006/52/EF av 5. juli 2006 om endring av direktiv 95/2/EF om andre tilsetningsstoffer i næringsmidler enn fargestoffer og søtstoffer og direktiv 94/35/EF om søtstoffer til bruk i næringsmidler.
- 4) Fleire språkversjonar av direktiv 95/31/EF inneheld visse feil med omsyn til følgjande stoff: E 954 sakkarin og tilhøyrande Na-, K- og Ca-salt, E 955 sukralose, E 962 salt av aspartam og acesulfam, E 965 (i) maltitol og E 966 laktitol. Desse feila bør rettast. Det bør dessutan takast omsyn til dei spesifikasjonane og analyseteknikkane for tilsetjingsstoff som er fastsette i Codex Alimentarius av Den felles FAO/WHO-ekspertgruppa for tilsetjingsstoff

i næringsmiddel (JECFA). Særleg er dei spesifikke reinleikskriteria vortne tilpassa der det er naudsynt, for å ta omsyn til grenseverdiene til dei einskilde relevante tungmetalla. Av omsyn til klarleiken bør heile teksta som gjeld desse stoffa, bytast ut.

- 5) EFSA konkluderte i fråsegna si av 19. april 2006 med at samansetnaden av maltitolsirup som vert framstilt etter ein ny produksjonsmetode, er den same som det noverande produktet har, og er i samsvar med den eksisterande spesifikasjonen. Det er difor naudsynt å endre definisjonen av E 965 (ii) maltitolsirup i direktiv 95/31/EF for E 965 ved å inkludere den nye produksjonsmetoden.
- 6) Direktiv 95/31/EF bør difor endrast og rettast.
- 7) Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkel 1

Vedlegget til direktiv 95/31/EF vert endra og retta i samsvar med vedlegget til dette direktivet.

Artikkel 2

1. Medlemsstatane skal innan 15. februar 2008 setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet. Dei skal straks sende Kommisjonen teksta til desse føresegnene og ein jamføringstabell som viser samanhengen mellom desse føresegnene og føresegnene i dette direktivet.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal sende Kommisjonen teksta til dei viktigaste internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 346 av 9.12.2006, s. 6, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 47/2007 av 8. juni 2007 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 48, 11.10.2007, s. 3.

⁽¹⁾ TEF L 40 av 11.2.1989, s. 27. Direktivet sist endra ved europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1882/2003 (TEU L 284 av 31.10.2003, s. 1).

⁽²⁾ TEF L 237 av 10.9.1994, s. 3. Direktivet sist endra ved direktiv 2006/52/EF (TEU L 204 av 26.7.2006, s. 10).

⁽³⁾ TEF L 178 av 28.7.1995, s. 1. Direktivet sist endra ved direktiv 2004/46/EF (TEU L 114 av 21.4.2004, s. 15).

Artikkel 3

Dette direktivet tek til å gjelde 20. dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Artikkel 4

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 8. desember 2006.

For Kommissjonen

Markos KYPRIANOU

Medlem av Kommissjonen

VEDLEGG

I vedlegget til direktiv 95/31/EF vert det gjort følgjande endringar:

1. Følgjande nye tekst om E 968 erytritol vert sett inn etter E 967 xylitol:

«E 968 ERYTRITOL

Synonym	Meso-erytritol, tetrahydroksybutan, erytritt
Definisjon	Vert framstilt ved gjæring av ei karbohydratkjelde med trygg og eigna osmofil gjærsopp av næringsmiddelkvalitet, som t.d. <i>Moniliella pollinis</i> eller <i>Trichosporonoides megachilensis</i> , og deretter reinsa og tørka
Kjemisk nemning	1,2,3,4-butantetrol
Einecs-nummer	205-737-3
Kjemisk formel	C ₄ H ₁₀ O ₄
Molekylmasse	122,12
Innhald	Ikkje under 99 % etter tørking
Karakteristikk	Fargelause, luktfrie, ikkje-hygroskopiske, varmfaste krystallar som er 60-80 % søtare enn sukrose
Kjenneteikn	
A. Løysingsevne	Lett løyseleg i vatn, tungt løyseleg i etanol, uløyseleg i dietyleter
B. Smeltepunktsovråde	119-123 °C
Reinleiksgrad	
Tørketap	Ikkje over 0,2 % (70 °C i seks timar i ein vakuumsikkator)
Sulfatoske	Ikkje over 0,1 %
Reduserande stoff	Ikkje over 0,3 %, uttrykt som D-glukose
Ribitol og glyserol	Ikkje over 0,1 %
Bly	Ikkje over 0,5 mg/kg»

2. Teksta som gjeld E 954 sakkarin og tilhøyrande Na-, K- og Ca-salt, skal lyde:

«E 954 SAKKARIN OG TILHØYRANDE Na-, K- og Ca-SALT

(I) SAKKARIN	
Definisjon	
Kjemisk nemning	3-okso-2,3-dihydrobenzo(d)isotiazol-1,1-dioksid
Einecs-nummer	201-321-0
Kjemisk formel	C ₇ H ₅ NO ₃ S
Relativ molekylmasse	183,18
Innhald	Ikkje under 99 % og ikkje over 101 % of C ₇ H ₅ NO ₃ S, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet
Karakteristikk	Kvite krystallar eller kvitt krystallinsk pulver utan lukt eller med ein svak aromatisk lukt og med søt smak, sjølv i svært uttynna løysingar. Om lag 300-500 gongar søtare enn sukrose

Kjenneteikn

Løysingsevne

Tungt løyseleg i vatn, løyseleg i basiske løysingar, svært tungt løyseleg i etanol

Reinleiksgrad

Tørketap

Ikkje over 1 % (105 °C i to timar)

Smeltepunktssområde

226-230 °C

Sulfatoske

Ikkje over 0,2 %, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet

Benzosyre og salisylsyre

Bland tre dropar av ei tilnærma molar vassløysing av jarn(III) klorid i 10 ml av ei løysing med tilhøvet 1:20 som først er syrna med fem dropar eddiksyre. Det vert ikkje danna botnfall eller fiolett farge

o-toluensulfonamid

Ikkje over 10 mg/kg, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet

p-toluensulfonamid

Ikkje over 10 mg/kg, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet

Benzosyre-p- sulfonamid

Ikkje over 25 mg/kg, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet

Stoff som karboniserer lett

Ingen

Arsen

Ikkje over 3 mg/kg, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet

Selen

Ikkje over 30 mg/kg, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet

Bly

Ikkje over 1 mg/kg, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet

(II) NATRIUMSAKKARIN**Synonym**

Sakkarin, natriumsalt av sakkarin

Definisjon**Kjemisk nemning**

Natrium-o-benzosulfimid, natriumsalt av 2,3-dihydro-3-oksobenzisosulfonazol, natriumsaltdihydrat av 1,2-benzisotiazolin-3-on-1,1-dioksid

Einecs-nummer

204-886-1

Kjemisk formelC₇H₄NNaO₃S·2H₂O**Relativ molekylmasse**

241,19

InnhaldIkkje under 99 % og ikkje over 101 % of C₇H₅NO₃S, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet**Karakteristikk**

Kvite krystallar eller kvitt krystallinsk, effloreserande pulver utan lukt eller med svak lukt og med svært søt smak, sjølv i svært uttynna løysingar. Om lag 300-500 gongar søtare enn sukrose i uttynna løysingar

Kjenneteikn

Løysingsevne

Lett løyseleg i vatn, svært tungt løyseleg i etanol

Reinleiksgrad

Tørketap

Ikkje over 15 % (120 °C i fire timar)

Benzosyre og salisylsyre

Bland tre dropar av ei tilnærma molar vassløysing av jarn(III) klorid i 10 ml av ei løysing med tilhøvet 1:20 som først er syrna med fem dropar eddiksyre. Det vert ikkje danna botnfall eller fiolett farge

o-toluensulfonamid

Ikkje over 10 mg/kg, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet

p-toluensulfonamid

Ikkje over 10 mg/kg, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet

Benzosyre-p-sulfonamid	Ikkje over 25 mg/kg, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet
Stoff som karboniserer lett	Ingen
Arsen	Ikkje over 3 mg/kg, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet
Selen	Ikkje over 30 mg/kg, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet
Bly	Ikkje over 1 mg/kg, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet

(III) KALSIUMSAKKARIN

Synonym	Sakkarin, kalsiums salt av sakkarin
Definisjon	
Kjemisk nemning	Kalsium-o-benzosulfimid, kalsiums salt av 2,3-dihydro-3-oksobenzisosulfonazol, kalsiumsalhydrat (2:7) av 1,2-benzisotiazolin-3-on-1,1-dioksid
Einacs-nummer	229-349-9
Kjemisk formel	$C_{14}H_8CaN_2O_6S_2 \cdot 3\frac{1}{2}H_2O$
Relativ molekylmasse	467,48
Innhald	Ikkje under 95 % av $C_{14}H_8CaN_2O_6S_2$, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet
Karakteristikk	Kvite krystallar eller kvitt krystallinsk pulver utan lukt eller med svak lukt og med svært søt smak, sjølv i svært uttynna løysingar. Om lag 300-500 gongar søtare enn sukrose i uttynna løysingar
Kjenneteikn	
Løysingsevne	Lett løyeseleg i vatn, løyeseleg i etanol
Reinleiksgrad	
Tørketap	Ikkje over 13,5 % (120 °C i fire timar)
Benzosyre og salisylsyre	Bland tre dropar av ei tilnærma molar vassløysing av jarn(III) klorid i 10 ml av ei løysing med tilhøvet 1:20 som først er syrna med fem dropar eddiksyre. Det vert ikkje danna botnfall eller fiolett farge
o-toluensulfonamid	Ikkje over 10 mg/kg, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet
p-toluensulfonamid	Ikkje over 10 mg/kg, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet
Benzosyre-p-sulfonamid	Ikkje over 25 mg/kg, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet
Stoff som karboniserer lett	Ingen
Arsen	Ikkje over 3 mg/kg, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet
Selen	Ikkje over 30 mg/kg, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet
Bly	Ikkje over 1 mg/kg, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet

(IV) KALIUMSAKKARIN

Synonym	Sakkarin, kaliums salt av sakkarin
Definisjon	
Kjemisk nemning	Kalium-o-benzosulfimid, kaliums salt av 2,3-dihydro-3-oksobenzisosulfonazol, kaliumsaltmonohydrat av 1,2-benzisotiazolin-3-on-1,1-dioksid
Einacs-nummer	
Kjemisk formel	$C_7H_4KNO_3S \cdot H_2O$

Relativ molekylmasse	239,77
Innhald	Ikkje under 99 % og ikkje over 101 % of $C_7H_5NO_3S$, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet
Karakteristikk	Kvite krystallar eller kvitt krystallinsk pulver utan lukt eller med svak lukt og med svært søt smak, sjølv i svært uttynna løysingar. Om lag 300-500 gongar søtare enn sukrose
Kjenneteikn	
Løysingsevne	Lett løyseleg i vatn, svært tungt løyseleg i etanol
Reinleiksgrad	
Tørketap	Ikkje over 8 % (120 °C i fire timar)
Benzosyre og salisylsyre	Bland tre dropar av ei tilnærma molar vassløysing av jarn(III) klorid i 10 ml av ei løysing med tilhøvet 1:20 som først er syrna med fem dropar eddiksyre. Det vert ikkje danna botnfall eller fiolett farge
o-toluensulfonamid	Ikkje over 10 mg/kg, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet
p-toluensulfonamid	Ikkje over 10 mg/kg, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet
Benzosyre-p-sulfonamid	Ikkje over 25 mg/kg, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet
Stoff som karboniserer lett	Ingen
Arsen	Ikkje over 3 mg/kg, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet
Selen	Ikkje over 30 mg/kg, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet
Bly	Ikkje over 1 mg/kg, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet»

3. Teksta som gjeld E 955 sukralose, skal lyde:

«E 955 SUKRALOSE

Synonym	4,1',6-triklorgalaktosukrose
Definisjon	
Kjemisk nemning	1,6-diklor-1,6-dideoksey- β -D-fruktofuranosyl-4-klor-4-deoksey- α -D-galaktopyranosid
Einecs-nummer	259-952-2
Kjemisk formel	$C_{12}H_{19}Cl_3O_8$
Molekylmasse	397,64
Innhald	Ikkje under 98 % og ikkje over 102 % $C_{12}H_{19}Cl_3O_8$, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet.
Karakteristikk	Kvitt til kvitleg krystallinsk pulver nesten utan lukt
Kjenneteikn	
A. Løysingsevne	Lett løyseleg i vatn, metanol og etanol Tungt løyseleg i etylacetat

B. Infraraud absorpsjon	Ein suspensjon av prøva i kaliumbromid skal ha eit infraraudt absorpsjonsspektrum som viser relative toppunkt ved bølgetal som svarar til bølgetala i referansespekteret ved bruk av ein referansestandard av sukralose
C. Tyntsjiktskromatografi	Hovudflekken i prøveløysinga har den same R_f -verdien som hovudflekken i standardløysing A i prøva for andre klorerte disakkarid. Denne standardløysinga vert oppnådd ved å løyse 1,0 g referansestandard av sukralose i 10 ml metanol
D. Spesifikk rotasjon	$[\alpha]^{20}_D$: +84,0° til +87,5°, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet (10 % w/v-løysing)
Reinleiksgrad	
Vatn	Ikkje over 2,0 % (Karl Fischer-metoden)
Sulfatoske	Ikkje over 0,7 %
Andre klorerte disakkarid	Ikkje over 0,5 %
Klorerte monosakkarid	Ikkje over 0,1 %
Trifenylfosfinoksid	Ikkje over 150 mg/kg
Metanol	Ikkje over 0,1 %
Bly	Ikkje over 1 mg/kg»

4. Teksta som gjeld E 962 salt av aspartam og acesulfam, skal lyde:

«E 962 SALT AV ASPARTAM OG ACESULFAM

Synonym	Aspartam og acesulfam, salt av aspartam og acesulfam
Definisjon	Saltet vert framstilt ved å varme opp ei løysing med sur pH-verdi av aspartam og acesulfam K i tilhøvet 2:1 (w/w) og la det krystallisere seg. Kalium og fukt vert fjerna. Produktet er meir stabilt enn aspartam aleine
Kjemisk nemning	6-metyl-1,2,3-oksatiasin-4(3H)-on-2,2-dioksidsalt av L-fenylalanyl-2-metyl-L- α -asparaginsyre
Kjemisk formel	$C_{18}H_{23}O_9N_3S$
Molekylmasse	457,46
Innhald	63,0-66,0 % aspartam (på grunnlag av tørrstoffet) og 34,0-37,0 % acesulfam (syre på grunnlag av tørrstoffet)
Karakteristikk	Kvitt krystallinsk pulver utan lukt
Kjenneteikn	
A. Løysingsevne	Svært tungt løyseleg i vatn, tungt løyseleg i etanol
B. Transmisjonsfaktor	Transmisjonsfaktoren for ei 1 %-løysing, fastsett i vatn i ei celle på 1 cm ved 430 nm ved hjelp av eit høveleg spektrofotometer og med vatn som referanseløysing, skal ikkje vere under 0,95, noko som tilsvarar ein absorban på under ca. 0,022
C. Spesifikk rotasjon	$[\alpha]^{20}_D = +14,5^\circ$ til $+16,5^\circ$ Skal fastsetjast ved hjelp av ein konsentrasjon av 6,2 g i 100 ml maursyre (15N) innan 30 min. etter at løysinga er framstilt. Den utrekna spesifikke rotasjonen skal delast på 0,646 for å korrigere for aspartaminhaldet i saltet av aspartam og acesulfam

Reinleiksgrad	
Tørketap	Ikkje over 0,5 % (105 °C i fire timar)
5-benzyl-3,6-diokso-2-piperazineddiksyre	Ikkje over 0,5 %
Bly	Ikkje over 1 mg/kg»
5. Teksta som gjeld E 965 (i) maltitol, skal lyde:	
«E 965 (i) MALTITOL	
Synonym	D-Maltitol, hydrogenert maltose
Definisjon	
Kjemisk nemning	(α)-D-glukopyranosyl-1,4-D-glucitol
Einecs-nummer	209-567-0
Kjemisk formel	C ₁₂ H ₂₄ O ₁₁
Relativ molekylmasse	344,31
Innhald	Ikkje under 98 % D-maltitol C ₁₂ H ₂₄ O ₁₁ , rekna ut på grunnlag av tørrstoffet
Karakteristikk	Kvitt krystallinsk pulver med søt smak
Kjenneteikn	
A. Løysingsevne	Svært løyseleg i vatn, tungt løyseleg i etanol
B. Smeltepunktsoverråde	148 til 151 °C
C. Spesifikk rotasjon	$[\alpha]_D^{20} = + 105,5^\circ$ til $+ 108,5^\circ$ (5 % løysing etter vekt eller volum)
Reinleiksgrad	
Vatn	Ikkje over 1 % (Karl Fischer-metoden)
Sulfatoske	Ikkje over 0,1 %, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet
Reduserande sukker	Ikkje over 0,1 %, uttrykt som glukose, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet
Klorid	Ikkje over 50 mg/kg, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet
Sulfat	Ikkje over 100 mg/kg, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet
Nikkel	Ikkje over 2 mg/kg, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet
Arsen	Ikkje over 3 mg/kg, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet
Bly	Ikkje over 1 mg/kg, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet»
6. Teksta som gjeld E 965 (ii) maltitolsirup, skal lyde:	
«E 965 (ii) MALTITOLSIRUP	
Synonym	Hydrogenert glukosesirup med høgt innhald av maltose, hydrogenert glukosesirup
Definisjon	Ei blanding som i hovudsaka inneheld maltitol, sorbitol og hydrogenerte oligo- og polysakkarid. Blandinga er framstilt ved katalytisk hydrogenering av glukosesirup med høgt innhald av maltose eller ved hydrogenering og deretter blanding av dei einskilde delemna. Finst som handelsvare både som sirup og i fast form
Innhald	Til saman ikkje under 99 % hydrogenerte sakkarid, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet og ikkje under 50 % maltitol, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet

Karakteristikk	Klar, tjuktflytande væske utan farge og lukt, eller kvit krystallinsk masse
Kjenneteikn	
A. Løysingsevne	Svært løyseleg i vatn, tungt løyseleg i etanol
C. Tyntsjihtskromatografi	Positivt prøvingsresultat
Reinleiksgrad	
Vatn	Ikkje over 31 % (Karl Fischer-metoden)
Reduserande sukker	Ikkje over 0,3 % (som glukose)
Sulfatoske	Ikkje over 0,1 %
Klorid	Ikkje over 50 mg/kg
Sulfat	Ikkje over 100 mg/kg
Nikkel	Ikkje over 2 mg/kg
Bly	Ikkje over 1 mg/kg»

7. Teksta som gjeld E 966 laktitol, skal lyde:

«E 966 LAKTITOL

Synonym	Laktitt, laktositol, laktobiositt
Definisjon	
Kjemisk nemning	4-O-β-D-galaktopyranosyl-D-glucitol
Einecs-nummer	209-566-5
Kjemisk formel	C ₁₂ H ₂₄ O ₁₁
Relativ molekylmasse	344,32
Innhald	Ikkje under 95 %, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet
Karakteristikk	Krystallinsk pulver med søt smak eller fargelaus løysing. Krystallinske produkt finst i vassfri form og som mono- og dihydrat
Kjenneteikn	
A. Løysingsevne	Svært løyseleg i vatn
C. Spesifikk rotasjon	[α] _D ²⁰ = + 13° to + 16°, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet (10 % vassløysing etter vekt eller volum)
Reinleiksgrad	
Vatn	Krystallinske produkt: ikkje over 10,5 % (Karl Fischer-metoden)
Andre polyol	Ikkje over 2,5 %, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet
Reduserande sukker	Ikkje over 0,2 %, uttrykt som glukose, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet
Klorid	Ikkje over 100 mg/kg, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet
Sulfat	Ikkje over 200 mg/kg, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet
Sulfatoske	Ikkje over 0,1 %, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet
Nikkel	Ikkje over 2 mg/kg, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet
Arsen	Ikkje over 3 mg/kg, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet
Bly	Ikkje over 1 mg/kg, rekna ut på grunnlag av tørrstoffet»